

V Å G Å F J E L L S T Y R E**M Ø T E B O K**

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F799	Knut Øyjordet	06.09.23	26/23

SØKNAD OM RIVING AV FJØSET PÅ SETRA OG ERSTATTE DETTE MED EIT NYTT UTHUS – OLA ANDERSEN-GOTT*Saksdokument:*

1. Søknad frå Ola Andersen-Gott, e-post av 30.06.23.
2. Brev frå fjellstyret av 18.08.23 til Statskog.
3. E-post frå Statskog av 30.08.23 til fjellstyret.

Saksutgreiing:

Ola Andersen-Gott som eig garden Rusnes, og med seter på Strondsetrene, søker om å kunne rive det falleferdige fjøset på ca. 29 m² og erstatte dette med eit nytt uthus på ca. 25 m², som skal tene som vedaskåle og reiskapshus. I tillegg søker han om å erstatte dagens utedo på ca. 1,5 m² med ein ny i same storleik, som skal byggjast inntil uthuset. Når det gjeld bruken av setra, så opplyser Andersen-Gott i søknaden at jorda på setra har vore bortleigd frå 2010 til og med 2022. Dette stemmer med dei opplysningane vi har frå landbrukskontoret i tidlegare gjennomgang av Seterregisteret. Frå i år produserer han graset på setra for sal, dvs. at nå er setra definert «i bruk» att etter dei retningsliner som fjellstyret har vedtatt om bruk/ikkje i bruk av seter. Bilde av det aktuelle fjøset er lagt ved saka.

Etter reglane i seterforskrifta er søknaden sendt til Statskog for eventuell uttale. I svaret frå Statskog står det m.a:

Statskog har ingen innvendinger til at det falleferdige fjøset rives og erstattes med nytt uthus og utedo, men forutsetter at fjellstyret vurderer søkerens behov ut fra status på setra, slik det går fram av seterforskriften.

Vurdering:

Saka skulle vere grei. Det er ikkje dyr på garden i dag, og når fjøset er i såpass dårlig «forfatning», er det forståeleg at det blir søkt om å rive dette og erstatte det med eit nytt uthus. I søknader om riving av bygg på seter, er det også slik at fylkeskommunen skal kunne uttale seg i forhold til kulturminnevernet. Det aktuelle fjøset som skal rivast blir vurdert til ikkje å ha kulturminneverdiar ved seg. Men for å vere på den «sikre sida», bør vedtaket bli sendt til fylkeskommunen dersom fjellstyret imøtekjem søknaden.

Innstilling til vedtak:

I medhald av § 10 i seterforskrifta får Ola Andersen-Gott løyve til å rive det falleferdige fjøset på setra og erstatte det med eit nytt uthus slik som omsøkt. Løyvet inkluderer også riving av den gamle utedoen og erstatte denne med ein ny do.

Sidan løyvet gjeld riving av bygg, så blir vedtaket sendt til fylkeskommunen for eventuelle merknader. Det må også innhentast løyve frå kommunen etter reglane i plan- og bygningslova.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Ola Andersen-Gott
Innlandet fylkeskommune
Statskog SF

Kopi til:

Vågå kommune

Vågåmo, 06.09.23

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no